

Vassregion Glomma v/ Østfold fylkeskommune

sentralpost@ostfoldfk.no

Vår ref:
2014/7585470/2014/

Dykkar ref:

Saksbehandlar
SASA/Dato
23.12.2014**Høyringsuttale frå Lom kommune: Framlegg til regional plan for vassforvaltning i vassregion Glomma 2016-2021**

Kommunestyret i Lom gjorde 09.12.2014 følgjande samrøystes vedtak i sak 68/2014:

Lom kommune ser positivt på arbeidet for å sikre felles, berekraftig bruk av vassressursane på tvers av sektormyndigheiter, og ønskjer å vere ein aktiv bidragsytar for å nå måla som Stortinget vedtok i 2007 gjennom Forskrift om rammer for vannforvaltning. Ein kunne likevel ønskje seg forvaltningsplan med grunnlagsdokument var betre gjennomarbeidd og ferdigstilt.

Vidare arbeid med tiltak vil medføre vesentlege kostnader. Lom kommune ser det som heilt nødvendig at det blir tilført tilstrekkelege økonomiske ressursar frå statleg hald for det vidare arbeidet med innarbeiding av vassforvaltningsplanen og gjennomføring av tiltaksprogram.

For Lom kommune er temaet sedimenttransport/ sedimentasjon i elveløp og påfølgjande fare for flaumskader svært aktuelt. Sterke samfunnsinteresser tilseier at forvaltningsplanen ikkje må resultere i eit regime som aukar faren for flaumskader på grunn av reduserte moglegheiter til å gjennomføre nødvendige masseuttak.

Lom kommune vil også peike på eit ikkje utnyttat forbettringspotensiale som ligg i samordning av revisjonstidspunkt for vilkårsrevisjonar som naturleg høyrer saman fordi dei er knytt til same vassdrag/del av vassdrag. På same måte ser kommunen grunn til å peike på den manglande framdrift og prioritering revisjonssakene hittil har fått hjå dei statlege vassdragsmyndigheitene.

Utskrift av fullstendig saksutgreiing/ protokoll er lagt ved.

Med helsing



Sander Sælthun, plan- og miljøvernrådsgjevar

Postadresse
Sognefjellsvegen 6
2686 Lom
E-post: post@lom.kommune.noBesøksadresse
Midtgard
www.lom.kommune.noTelefon
61217300Bank
2085.07.00010
Org.nr
959377677